

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 17.10.2014  
**SAKSHANDSAMAR:** Gina Beate Holsen  
**SAKA GJELD:** **Vald og truslar mot tilsette i helseføretaka**

**ARKIVSAK:** 2014/967/  
**STYRESAK:** **114/14**

**STYREMØTE:** **04. og 05.11. 2014**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tar saka til orientering.
2. Styret ønskjer at helseføretaka ser på tiltak for å sikre at det ikkje blir tatt inn farlege gjenstandar ved innskriving og/eller ved besøk til klinikkane. Det må sikrast ein lik praksis for heile føretaksgruppa.
3. Styret legg til grunn at føretaksgruppa Helse Vest har arbeidsplassar som sikrar alle tilsette i deira arbeidssituasjon.

## Oppsummering

Uttrekk frå protokoll 067/14 Rapportering frå verksemda per april 2014

«Styret var uroa over aukinga i talet på truslar og vald mot tilsette. Styret ønska ei styresak til hausten med ei vurdering av situasjonen og forslag til tiltak. Styresaka bør omhandle oversikt over kor mange «farlege» pasientar vi har som burde vore i fengsel, rutinar, tiltak for å beskytte tilsette, førebygging og oppfølging, samt tiltak når skade faktisk har skjedd. Styret ønskjer at arbeidsplassane i Helse Vest skal vere trygge».

Gjennom HMS rapporteringa har styret blitt uroa over auke i talet på rapporterte alvorlege hendingar. Styret ønska ei styresak med ei vurdering av situasjonen og forslag til tiltak. Styresaka omhandlar oversikt over rutinar og tiltak for å førebygge alvorlege hendingar mot medarbeidarar, oppfølging av medarbeidarar og tiltak når skade faktisk har skjedd.

Arbeidsmiljølova kapittel 4, § 4-1 stiller generelle krav til arbeidsmiljø.

«(1) Arbeidsmiljøet i virksomheten skal være fullt forsvarlig ut fra en enkeltvis og samlet vurdering av faktorer i arbeidsmiljøet som kan innvirke på arbeidstakernes fysiske og psykiske helse og velferd. Standarden for sikkerhet, helse og arbeidsmiljø skal til enhver tid utvikles og forbedres i samsvar med utviklingen i samfunnet.

(2) Ved planlegging og utforming av arbeidet skal det legges vekt på å forebygge skader og sykdommer. Arbeidets organisering, tilrettelegging og ledelse, arbeidstidsordninger, lønssystemer, herunder bruk av prestasjonslønn, teknologi mv. skal være slik at arbeidstakerne ikke utsettes for uheldige fysiske eller psykiske belastninger og slik at sikkerhetshensyn ivaretas.

(3) Det skal vurderes om det er særlig risiko knyttet til alenearbeid i virksomheten. Tiltak som er nødvendig for å forebygge og redusere eventuell risiko ved alenearbeid skal iverksettes, slik at lovens krav til et fullt forsvarlig arbeidsmiljø ivaretas».

Styret har satt fokus på at det ved kvart av styremøta også blir rapportert på HMS/kvalitets område. Føretaksgruppa Helse Vest har utvikla strategiar og tiltak på HMS/kvalitetsområdet i samsvar med felles nasjonale indikatorar på området.

## Fakta

*Lov om pasient- og brukerrettigheter* har som formål å bidra til å sikre befolkninga lik tilgang på tenester av god kvalitet ved å gi pasientar og brukarar rettar overfor helse- og omsorgstenesta.

Lova si føresegn skal mellom anna bidra til å fremme tillitsforholdet mellom pasient/brukar og helse- og omsorgstenesta, fremme sosial tryggleik og ivareta respekten for den enkelte pasients og brukars liv, integritet og menneskeverd.


Helseføretaka har ikkje oversikt over kor mange pasientar dei har som er «farlege», eller som har særleg utagerande åtferd. For pasientar som blir tilvist til akuttmottaka og som kan ha fleire diagnosar, til dømes innan psykiatri og rus, er akuttmottaket ukjent med korleis den einkilde pasient vil opptre. Det er ikkje anledning til å registrere opplysningar i pasientjournalssystemet slik at det ved akutte innleggingar går fram opplysningar om dette. Det er heller ikkje ønskeleg at dette blir registrert utanfor pasientjournalssystema.

Det er ein auka uro over at ein ikkje kan sette i verk sikringstiltak der ein til dømes gjennomgår bagasje for alle pasientar, eller har sikkerheitssluse tilsvarande det ein har på flyplassar for å avdekka knivar eller andre farlege gjenstandar. Gjennomgang av bagasje kan berre skje etter vedtak i kvar enkelt sak. Det er eit like viktig fokus å sikre at pasientar ikkje skadar seg sjølve eller andre pasientar, som at dei ikkje skadar våre tilsette.

Det blei rapportert 1 147 tilsetteskader per august 2014. Samanlikna med same periode i 2013 er dette ein auke på om lag 11 %. Av rapporterte tilsetteskader per august 2014 var 477 relatert til vald og 295 relatert til truslar. Per august 2013 var det rapportert 943 tilsetteskader, og av desse var 424 relatert til vald og 198 relatert til truslar. Det er ein dramatisk auke i gruppa vald og truslar, spesielt for truslar om drap som har auka med om lag 45 %.


Det er ei rekke meldingar om uønskte hendingar knytt til vald og truslar mot tilsette. Dette skuldast i stor grad at meldekulturen er i god utvikling innan psykiatrien. Det blir omtrent ikkje rapportert tilsvarande hendingar innan somatikken, sjølv om vi veit at det også skjer der.

Dei einingane som i det daglege har svært utagerande pasientar innan psykiatrien, med fare for seg sjølve, andre pasientar og/ eller tilsette, er dei einingane med færrest hendingar. Til dømes har Helse Bergen mykje færre hendingar på sikkerheitsavdelinga («dømt til behandling») enn på andre postar innan psykiatrien. Dei aller fleste svært utagerande pasientar er først og fremst ein trussel mot seg sjølv.




Vi har særleg merksemd i forhold til auken i tal truslar om drap, som til no i år er på om lag same nivå som for heile 2013.

Hendingstype: vald 1. halvår 2013 og 2014



Hendingstype: truslar 1. halvår 2013 og 2014



## Tiltak

Alle helseføretaka har satt i verk omfattande tiltak for å redusere vald og truslar. Helseføretaka har prosedyrar og retningslinjer for vald og truslar mot tilsette på alle avdelingar innan psykisk helsevern. Alle styra i helseføretaka får HMS-rapport kvar måned. Kvart kvartal er det samanstilt rapportering for heile føretaksgruppa Helse Vest for indikator på personskadefrekvens og fråværsfrekvens. Styret blir orientert og får innsikt i deler av materialet på HMS området, med hovudfokus på kva strategiar som lagt til grunn.

Det er berre Helse Bergen og Helse Stavanger som har psykiatriambulans, eit tiltak som er rekna som førebyggjande mot konflikthar og for å redusere sannsynlegheit for at vald og truslar skal oppstå.

### Helse Bergen

I psykiatrisk klinikk i Helse Bergen har dei gjennom dei siste åra gjennomført kurs for alle medarbeidarar i terapeutisk mestring av aggresjon (TERMA). Dette meiner dei sjølve har hatt god effekt. Dette er eit tiltak dei og vurderer å ta i bruk i somatisk sektor der det er aktuelt. Dei har også etablert eit fastvaktteam som ved mange hendingar erstattar assistanse frå politi eller vektarar.

Fastvaktteama bidrar også overfor somatiske tenester. Dette skal førebyggje at konfliktnivået bygger seg opp slik at det oppstår vald eller truslar om vald. Det er også innført ei rekke sikkerheitstiltak som mellom anna alarm system og metalldetektorar.

### Helse Førde

Helse Førde kjøper institusjonsplassar for sikkerheitspasientar i Helse Bergen. Psykiatrisk klinikk har internopplæring for mestring av utagerande pasientar. Psykiater og rusmiddelkonsulent er jamleg på intern gjennomgang i einingane. Dei har god kontakt med pasientane, og er involvert i arbeidet med utgreiing og behandling. Tiltak og førebygging er tema for å redusere risikosituasjonar, men utagering er ein del av sjukdomsbildet innan fagområdet og må til ein viss grad sjåast som påreknelig risiko. Det er utarbeidd rutinar som «Tryggleik for ambulant team Nordfjord psykiatrisenter (NPS)», «Retningslinjer ved utagering NPS», «Retningslinjer ved utagering Indre Sogn psykiatrisenter (ISP)», «Ivaretaking av personell ved krisesituasjonar», «Prosedyre alarm og handtering av reelle situasjonar BUP» og «Bruk av tryggleiksalarm Psykiatrisk klinikk ved Førde sentralsjukehus (PSK)». Helse Førde har samarbeidsavtale med Vik fengsel for å støtte helsetenesta i fengselet og for å dekke dei innsette sitt behov for spesialisthelsetenester.

### Helse Fonna

I Helse Fonna blir det gjennomført opplæring i klinikk for psykisk helsevern og somatiske einingar for handtering av utagerande pasientar. I klinikk for Psykisk helsevern har dei kurs i terapeutisk mestring av aggresjon (TERMA), med sertifiserte instruktørar. TERMA kurs vil også bli eit tilbod for somatiske einingar. Omlag 30 % av meldingane 1. halvår 2014, gjaldt vald og truslar. I slutten av november blir det arrangert opent arbeidsmiljøseminar for alle tilsette i Helse Fonna. Det er i dette programmet sett av ein halv dag med tema vald og truslar mot tilsette.

Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn i september for vald og truslar ved Akuttposten på Valen. Arbeidstilsynet fann ikkje grunn til å gi avvik.

### Helse Stavanger

Helse Stavanger har laga ein systematisk tilnærming for å forbetre arbeidet med å identifisere utløysande og bakanforliggende årsaker til uønskete hendingar. Opplæringa består av case tilpassa psykiatrisk divisjon, identifisering av utløysande og bakanforliggende årsakar, og i tillegg komme fram til korrigerande tiltak og handlingsplan.

To nye Terapeutisk mestring av aggresjon (TMA)- konsulentar er tilsett i psykiatrisk divisjon. Dei held kurs for alle medarbeidarar i psykiatrisk divisjon, rettleier og følgjer opp einingane. Alle medarbeidarar i psykiatrisk divisjon må gjennomføre tre dagars obligatorisk kurs i TMA, tilsvarende for sommarvikarar. TMA-konsulentane, i alt 15 medarbeidarar, må gjennomføre fem dagars opplæring. Helse Stavanger har til saman 65 TMA-ressurspersonar. Det blir gitt tilbod om TMA-trening for alle yrkesgrupper, og medarbeidarar frå andre divisjonar har anledning til å delta på kurs.

Det er alarmsystem for medarbeidarar som jobbar i psykiatrisk divisjon. Dei har også flytta sengepost med utagering til eit betre egna lokale med eigen hage, og det er laga nytt uteområde med betre moglegheiter for uteaktivitet for sikkerheitspasientar. Helse Stavanger har også gått til innkjøp av

spesialmøblar og skap på alle skjermingseiningar, som skal betre tryggleiken. Det blir gjennomført sjekklister i tråd med « Brøset Violence Checklist», som blir tatt i bruk av alle sengepostar i spesialavdeling for vaksne hausten 2014. Det blir føretatt risikovurdering av alle ØH pasientar i psykiatrisk divisjon, og HMS-sjefen følgjer opp alle saker som er registret i Synergi.

Nokre av retningslinjene og prosedyrane dei har i Helse Stavanger er mellom anna; «Vald og truslar på arbeidsplassen - handtering og oppfølging», «Vald og truslar på arbeidsplasser - førebygging», «Oppfølging av tilsette etter traumatiske hendingar», «Tilbod om psykologbistand», «Kollegastøtteordning», «Handtering av pasientar som bringer med seg våpen», «Felles minste sikkerheitsstandard - SV sengepostar», «Akutt mottakspost – korleis ta imot ny pasient».

## Utvikling og opplæring på HMS/kvalitets området

Det er etablert felles obligatoriske krav til opplæring for alle medarbeidarar på mange områder, inkludert HMS/kvalitets området. Læringsportalen er integrert med Kompetanseportalen og etter kvart også Arbeidsplansystemet. Det var ved utgangen av 2012 gjennomført omfattande kompetansestyring og gjennomføring av kompetansetiltak. Det blir framlagt divisjonsvise halvårlege trendar om HMS, tilsetteskadar og avvik for AMU/FAMU i føretaka.

Etablering av eigen HMS side på internettet har vore på programmet i dei halvårlege samlingane for vernetenesta. Det har også vore oppe i HMS rådet. Ei arbeidsgruppe har jobba med dette, men vi er ikkje endeleg i mål med løysinga.

Målet med etablering av HMS sida er at denne skal bidra i aktiviteter som understøtter eit godt arbeidsmiljø og ein vel fungerande verneteneste i heile føretaksgruppa. Helse Vest jobbar kontinuerlig med å forbetre det eksisterande HMS-arbeidet, vidareutvikle HMS systemet/prosessane og bidra til å bruke HMS som eit viktig verkemiddel for eit godt arbeidsmiljø og trivelege arbeidsplassar.

Helse Vest skal vere leiande innan HMS arbeid, og førebygging skal vere prioritert av alle. Haldningane skal innunder huden, og HMS tenking skal vere ein naturleg del arbeidsdagen. I Helse Vest skal vi ha enkle brukarvennlege system som skal vere tilgjengelig for alle medarbeidarar.

Det skal vere fokus på:

- synliggjerings
- deltaking
- bevisstgjerings
- opplæring i verneutstyr
- opplæring i medisinteknisk utstyr
- førebygging

Helse Vest skal saman med heile vernetenesta bidra til å støtte kunnskapsgrunnlaget for vernetenesta, utover det som skjer i det einskilde helseføretak/Helse Vest IKT, samlingar og rapportering.

Det er viktig at vi utviklar ein *læringskultur* av hendingane, enten hendingane har skjedd i føretaksgruppa eller det er hendingar skjedd utanfor spesialisthelsetenesta. Eit eksempel på dette er rapporten etter 22. juli hendinga og hendingar på akutt mottak i Danmark der væpna aksjonistar tok seg inn på sjukehuset. Begge hendingane har vore tema på toppleiarsamlingar, samlingar for tillitsvalde og vernetenesta.

Verksemdene gjennomfører kvart år felles HMS kartlegging, først ein «grov» kartlegging og deretter ein meir finmaska kartlegging for dei områda som peikar seg ut for å gå nærmare gjennom. Alle einingar gjennomfører kartleggingane og alle medarbeidarar og leiarar deltar. Denne blir gjennomført digitalt i arbeidsplansystemet (PULS modulen). Dette er eit kartleggingsverktøy som er tatt i bruk i 2014. Det vil vere mogleg å lage ein overordna status basert på desse kartleggingane for heile regionen. Verksemdene gjennomfører kartleggingane på litt ulike tidspunkt. Det blir derfor ein årleg status når alle har gjennomført kartlegginga. Vi ønskjer at det blir eit felles årshjul på HMS/kvalitets området, noko det er felles mål om å få til.

Ut frå kunnskapsgrunnlaget blant anna i HMS rapportane, blir det sett i verk tiltak for å redusere hendingar. Eit eksempel på dette er etablering av kompetansetiltak for tryggleikskompetanse der medarbeidarar får ferdigheiter/trening i korleis dei skal handtere vald og truslar. Alle helseføretaka har gjennomført opplæringa.

På HMS konferansen til Spesialisthelsetenesta i 2013 blei Helse Fonna tildelt «helseføretaka sin Arbeidsmiljøpris, og fleire tiltak i føretaksgruppa fekk heiderleg omtale. Helse Bergen har etablert grupper av medarbeidarar innafor psykisk helsevern som kan bidra på tvers av einingane, og dei fekk tildelt KLP sin «Årets arbeidsmiljøpris» i 2014.

I Helse Stavanger er vald og truslar tema på HMS-opplæring for leiarar, verneombod og tillitsvalde. Det er også kurs i årsaksanalyse. Målet er at betre analysar skal gi betre moglegheiter for å sette i verk dei rette førebyggjande tiltaka.

## **Kommentarar**

Helse Vest vil halde fram med HMS analysane og vil ta initiativ til eit felles årshjul for HMS/kvalitets området. Dette vil bidra til felles rapportering i heile føretaksgruppa. Det vil vere nødvendig å sikre tilslutning og medverknad både frå vernetenesta og verksemdene. I ein mellomfase vil Helse Vest orientere styret på HMS/kvalitets området med utgangspunkt i analysane og fokusområda som er etablert.

Det er store skilnader mellom dei enkelte klinikkane korleis dei bruker Synergi både med tanke på meldekultur av hendingar, og bruk og lærdom av rapportene. Det er viktig å etablere faglege nettverk for å dele erfaringar, etablere lik forståing for systemet og rapportane, og bidra til opplæring for å sikre god meldekultur.

Vi vil tilrå at helseføretaka, gjennom sine respektive klinikkar for psykisk helsevern kjem med tilråding til eventuelle tiltak for å sikre at det ikkje blir tatt inn farlege gjenstandar ved innskriving eller ved besøk til klinikkane. Tiltaka vil bli diskutert i direktørmøtet og eventuelle forslag til endringar vil bli del av ei sak for styra i det respektive helseføretaket.